



DET KONGELIGE BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

KLD-Kulturmiljølovutvalget

Unntatt offentlighet,
offl. § 15 1. ledd andre punktum

Deres ref

Vår ref

Dato

22/3843-3

30. januar 2023

Forespørsel om innspill – Kulturmiljølovutvalet – innspill frå BFD

Vi viser til brev 23. november 2022 der Kulturmiljølovutvalet inviterer til å komme med skriftlege innspel.

Barne- og familiedepartementet (BFD) forvaltar trossamfunnslova og gravplasslova med tilhøyrande regelverk. Vi legg til grunn at utvalet er kjent med regelverket og gjer derfor ikkje greie for det her.

Kyrkjjer som kulturminner er særleg nemnd i utvalet sitt mandat, men også gravplassane og kyrkja sine omgjevnader. Utvalet skal greie ut forslag til reglar om sikring av kulturhistoriske verdiar på kyrkjefeltet som er enklare og meir heilskaplege enn regelverket er i dag.

Bruk og vern

Det er eit overordna mål at både kyrkjene og gravplassane skal nyttast. Ei kyrkje er først og fremst eit bygg til kyrkjeleg bruk, medan gravplassen først og fremst er ein stad der vi gravlegg leivningane til våre avlidne. I tillegg er svært mange av kyrkjene og gravplassane viktige kulturminne som er kjelde til opplevingar og kunnskap som vi ikkje finn andre stader. I forvaltninga må ein derfor søke ein god balanse mellom bruk og vern. Vårt utgangspunkt er at bruk ofte er det beste vern for kyrkjjer og gravplassar. Forvaltninga må vere framtidsretta og brukarvennleg samstundes som kulturmiljøverdiene blir varetekne.

Postadresse
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo
postmottak@bfd.dep.no

Kontoradresse
Akersgt. 59
www.bfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 793

Avdeling
Plan- og
administrasjonsavdelingen

Saksbehandler
Camilla Børresen
Tjelflåt
22 24 24 11

Eit krevjande regelverk

Sektoren har meldt tilbake at kulturmiljøregelverket i dag er krevjande. Skal det gjennomførast tiltak på ei mellomalderkyrkje med ein tilhøyrande mellomaldergravplass rundt kyrkja, t.d. ved utbetringar på det elektriske anlegget som inneber graving i grunnen på gravplassen, må tiltaket godkjennast av Riksantikvaren etter kulturminnelova, biskopen etter kyrkjeordninga, statsforvaltaren etter gravplasslova og fylkeskommunen etter kulturminnelova. I tillegg kjem kommunen og plan- og bygningslova inn i biletet. Dette gjer det administrative rundt tiltaket krevjande, både tidsmessig og med tanke på kva det krev av kunnskap hjå tiltakshavar. Det er også krevjande dersom løyve t.d. blir gitt av Riksantikvaren, men ikkje fylkeskommunen.

Gjennom rundskriv frå 2000 og 2020 og lang forvaltingspraksis har ein funne fram til praktiske løysingar på spørsmål som oppstår ofte i forvaltninga av kyrkjer og gravplassar, t.d. når det gjeld middelaldergravplassar. Begge rundskriva er utarbeidd i samarbeid mellom KLD og BFD. Rundskriv og lang praksis kan vere rettslege grunnlag, men det kan vere tenleg at framtidig lovverk gir ei klart rettsleg grunnlag for denne typen føringar som løyser spørsmål som dukkar opp ofte. Etter gravplasslova skal kister i jorda eller bli kremert innan ti vyrkedagar. Denne fristen gjer at ein ikkje rekk å søke fylkeskommunen mellom dødsfall og gravlegging. Utvalet må gjerne ta kontakt med embetsverket i BFD og KLD for nærare gjennomgang av dette og grensegangane mellom gravplasslova og kulturminnelova.

Barne- og familiedepartementet har ikkje konkrete innspel til korleis regelverket rundt dei kulturhistorisk verdifulle kyrkjene best bør bli løyst i ny kulturmiljølov. Dette heng saman med andre vurderingar som utvalet er bedt om å utgreie. Vi vil nedanfor peike på nokre prosessar framover som det er greitt at utvalet er kjend med og kan ta med i vurderingane dei skal gjere i tilknytning til mandatet punkt 2b.

Bevaringsstrategiar med tilhøyrande bevaringsprogram

Vi viser til [Meld. St. 29 \(2018–2019\)](#) og arbeidet med delinga av Opplysningsvesenets fond. Det er i eit foreløpig estimat lagt til grunn at kyrkjene skal setjast i stand for verdiar nærare 10 mrd. kroner.

I desember 2021 fekk Riksantikvaren i samarbeid med Den norske kyrkja i oppdrag å utarbeide utkast til bevaringsstrategi/ bevaringsprogram for dei kulturhistorisk verdifulle kyrkjene, altså dei som er freda og listeført – uavhengig av eigarskap. Utkast til bevaringsstrategi med tre tilhøyrande bevaringsprogram, ut frå alder på kyrkjene, blei levert Barne- og familiedepartementet i desember 2022. Strategien vil med tida kunne ta plass som ein av dei tematiske bevaringsstrategiane som Riksantikvaren skal utarbeide som oppfølging av stortingsmeldinga om kulturmiljøpolitikken.

[Samlerapporten](#) som blei overlevert departementet kan lesast her. Overordna foreslår rapporten at kvart av bevaringsprogramma under strategien bør innehalde fire innsatsområde: Istandsetting og sikring, kunnskap og kompetanse, oppleving og formidling, samt engasjement og deltaking. Innsatsområde «istandsetting og sikring» vil vere hovudinnsatsområde i alle programma. Dei øvrige innsatsområda vil vere viktige for å nå målet om istandsetting og sikring, ikkje minst i eit lengre perspektiv (korleis sikre kulturarven etter at kyrkja er istandsett, jf. også tanken om at bruk er det beste vern).

Barne- og familiedepartementet tek sikte på at strategien skal vere ferdig i løpet av første halvår 2023. Strategien skal ta utgangspunkt i tilrådingane som nemnt over, og utarbeidast i samarbeid med Klima- og miljødepartementet. Tilrådingane i rapporten som er overlevert departementet legg til grunn at Riksantikvaren skal ha ei sentral rolle i arbeidet vidare. Dette er naudsynt for å sikre den kulturhistoriske og antikvariske kompetansen inn i arbeidet, som vil pågå over ein lang tidshorisont. Dei faglege tilrådingane og prioritering av kyrkjene vil måtte liggje til eit nasjonalt sekretariat eller liknande. Riksantikvaren må slik sett også framover ha ei sentral rolle som kompetansemiljø i den kyrkjelege kulturarvforvaltninga, uavhengig av kva som skjer med rolla som kulturmiljømyndigheit etter lova. Barne- og familiedepartementet vil be utvalet følgje bevaringsstrategiarbeidet for kyrkjebygga og ha dette behovet med seg i det vidare arbeidet.

Digitalisering og gode verktøy for sakshandsaming

Barne- og familiedepartementet har merka seg punktet i utvalets mandat om å «ta høyde for fremtidige muligheter for digitalisering av kunnskapsgrunnlag og saksbehandlingsprosesser, og for teknologiutvikling i metodebruk og informasjoninnhenting». Vi vil her orientere om to ting:

For det første tilrår utkastet til bevaringsstrategi for dei kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygga at kapasiteten i sakshandsaminga blir styrkt gjennom meir kompetanse, fleire årsverk og digitale verktøy. Konklusjonen byggjer på ein gjennomgang av dagens forvaltningssystem og praksis, og ei vurdering av behovet for å utvikle forståing og kunnskap om kyrkjene. For eigarar og offentleg forvaltning vil utvikling av digitale ressursar vere eit sentralt tiltak, medan eit klart regelverk eit anna tiltak. Den komplekse saksflyten med mange involverte forvaltingsinstansar blir ikkje løyst gjennom bevaringsstrategien. Samlerapporten peiker her på ny kulturmiljølov som kan vere med å effektivisere framdriften i prosjekta. Kva som vil bli omfatta av den nasjonale bevaringsstrategien for dei kulturhistorisk verdifulle kyrkjene er som sagt ikkje fastsett, men sidan både mandatet til kulturmiljølovutvalet og samlerapporten frå Riksantikvaren peikar på behovet for digitalisering og gode verktøy for sakshandsaming kan det bli aktuelt eller vere fornuftig at utvalet samrår seg med sekretariatet eller styringsgruppa for den kyrkjelege bevaringsstrategien når organisasjonen er etablert.

For det andre pågår det eit arbeid med å digitalisere livshendinga dødsfall og arv, herunder å digitalisere prosessen rundt gjennomføringa av ei gravferd. Arbeidet er eit ledd i oppfølginga av digitaliseringsstrategien, der målet er å utvikle samanhengande og heilskaplege offentlege tenester innanfor sju utvalde livshendingar. Dødsfall og arv er ei av desse sju livshendingane. Digital gravferdsmelding er eitt av to prosjekt knytte til livshendinga dødsfall og arv (det andre er oppgjer etter dødsfall, som mellom anna skal hjelpe ved arveoppgjer). Arbeidet med digital gravferdsmelding er starten på ein prosess ein i dag ikkje ser omfanget av. Det er heller ikkje sikkert at dette arbeidet vil vere relevant for utvalets arbeid og forslag. Fordi digital gravferdsmelding med tida kan opne for at etterlatte langt på veg skal kunne ta alle val knytt til gravlegginga digitalt, kunne ein i framtida også sjå søknadsprosessar opp mot kulturmiljøforvaltninga inn i eit system som vil kunne kommunisere med den digitale gravferdsmeldinga. Vi oppmodar derfor utvalet om å følgje prosessen og eventuelt halde kontakt med Barne- og familiedepartementet ved behov.

Kyrkje- og gravplassdatabasen til KA

Vi går ut ifrå at utvalet er kjent med kyrkje- og gravplassdatabasen til KA Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter. Tankar om vidare utvikling av denne er nemnt i samlerrapporten for utkast til bevaringsstrategi for kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg. For meir informasjon kan KA kontaktast.

Med hilsen

Hans Robert Zuna (e.f.)
ekspedisjonssjef

Camilla Børresen Tjelflåt
Kontorleder

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer